

Med heimel i lov av 13. juni 1997 nr 55 om serveringsvirksomhet (heretter nemnd som serveringslova) fastset Stord kommune følgjande forskrift om opningstider for serveringsstader i kommunen, jfr. lova sin § 15 første ledd:

## **1. MÅL**

Målet med forskrifta er å gi serveringsstadene gode rammevilkår gjennom rimelege opningstider samstundes som forskrifta inngår som eit ledd i kommunen sin samla innsats for å redusera vald og andre ordensforstyringar på offentleg stad.

## **2. VIRKEOMRÅDE**

Med serveringsstad meiner ein "alle serveringssteder der det foregår servering av mat og/eller drikke og hvor forholdene ligger til rette for fortæring på stedet", jfr. serveringslova § 2, første avsnitt.

Forskrifta omfattar såleis serveringsstader som ikkje er gitt skjenkeløyve etter alkohollova, dvs. restaurantar, spisestader, pub, kafear, storkioskar, gatekjøkken, potetvogner, "pøsekioskar", bensinstasjonar o l.

Opningstidene for såkalla *skjenkestader*, dvs. serveringsstader som er gitt skjenkeløyve etter alkohollova, samsvarer med skjenketidene som er fastsette i Stord kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.

## **3. OPNINGSTIDER**

Serveringsstader kan halda ope mellom kl. 06.00 til kl. 02.00; likevel til kl. 03.30 natt til laurdag og natt til søndag.

Serveringsstader kan ikkje servera utandørs etter kl. 24.00 nokon dagar.

På følgjande dagar/datoar er opningstidene slik:

- |                                      |                                       |
|--------------------------------------|---------------------------------------|
| - onsdag før skjærtorsdag            | - til kl. 03.30 den påfølgjande dagen |
| - 30. april (dagen før 1. mai)       | - til kl. 03.30 den påfølgjande dagen |
| - 16. mai (dagen før grunnlovsdagen) | - til kl. 03.30 den påfølgjande dagen |
| - 26. desember (2. juledag)          | - til kl. 03.30 den påfølgjande dagen |
| - 27. desember                       | - til kl. 03.30 den påfølgjande dagen |
| - 31. desember (nyttårsaften)        | - til kl. 03.30 den påfølgjande dagen |

Løyve til å halda ope til kl 03.30 gjeld like vel ikkje langfredag og heller ikkje 1. juledag sjølv om denne dagen fell på ein fredag eller laurdag.

## **4. OVERNATTINGSSTADER**

Overnattingsstader kan servera mat heile døgnet til overnattingsgjestar.

## **5. BENSINSTASJONAR**

Opningstidene som er fastsett i pkt. 3, gjeld ikkje for bensinstasjonar i Stord kommune.

## **6. IVERKSETTING**

Forskrifta trer i kraft frå 01.05.2009. Frå same tid blir tidlegare vedtak oppheva for dei serveringsstadene som har fått innvilga utvida opningstider.